



Morten Harsvik med ei skisse av Uskedalen-eigedommen sin slik han er i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eigedomsutviklar Morten Harsvik planlegg 16 nye leiligheiter på området som tidlegare var eple- og plommehagen til det første pensjonatet i Uskedalen. Harsvik har ikkje noko eigna navn på lager. Men kanskje området kunne døypast Plommehagen?

Han startar utpå nyåret med å innreie to leiligheiter til på 75 kvadratmeter i det som no er lager i første etasje i utleigebygget. Harsvik kjøpte dette av Oddvar Myklebust for eitt år sidan. Det inneheld no seks utleigeleiligheiter. Førrebels ventar Harsvik på byggeløyve, men kommunen er positiv.

Avtalen mellom Myklebust og Harsvik går vidare ut på at Harsvik seinast ved årsskiftet skal overta også den "ledige" grunnmuren etter gartneriet og i tillegg heile området opp til Geilo og krysset med riksvegen.



Harsvik har slutta å praktisera som advokat og har gått over til eigedomsutvikling fordi han finn det mindre stressande samstundes som det er vel så spanande. Firmaet Næringutleie AS, der han sjølv har alle aksjane, har ei rekkje prosjekt rundt om i Kvinnherad og fleire er seld. Til dømes har han seld to av fire bustader som no er under byggjning i Lonabrotet på Husnes, fire av fire på Valen og fire av fire på Røsland. I Dimmelsvik har han seld både Tinghuset og Vikjo.

.....og slik skal han bli om nokre år.
Teigen har laga skissa.



Oppå denne grunnmuren kjem eit rekkjehus med åtte leiligheiter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Og no satser eg på Uskedalen, som eg har god tru på med tanke på sal. Ikkje minst dei erfaringane eg så langt har gjort med utleigemarknaden gjer meg optimistisk, seier Harsvik til uskedalen.no. Han har utan ventetid fått leigd ut att to leiligheiter som var ledige i utleigehuset og opererer her med venteliste. Og han utelukkar ikkje at han kjem til å leige ut fleire av dei bustadene han etter kvart skal byggja i området.

Det første, større prosjektet har allereie lege ute for sal ei stund og Harsvik har hatt kontakt med fleire interesserte. Prosjektet går ut på å byggja eit rekkjehus med åtte leiligheiter av livslapsstandard oppå den "ledige" grunnmuren. Bustadene vil vera like store og få eit buareal på 64 kvadratmeter. Dei får stor stove, kjøken og to soverom.

Når dei åtte leiligheitene er seld, planlegg Harsvik å byggja to nye hus – kvar med tre leiligheiter – nærare Geilo og særleg med eldre som målgruppe. Utbyggjaren strekar under at dei nye bustadane kjem til å liggja i ei relativt rimeleg prisklasse.

- Men eg må ta eit steg om gongen for ikkje å gapa for høgt, seier Harsvik, som ikkje kan sjå nokre alvorlege hinder. Heile området som han no blir eigar av er regulert til bustadføre mål. Parkeringsarealet er i minste laget i høve til talet på planlagte bueiningar, men her skal det berre ei mindre justering til.

Noko kalkyle over kva det vil kosta å byggja ut området slik Harsvik planlegg føreligg enno ikkje. Så langt er det Teigen-Bygg som har hatt teikne- og planleggjingsjobben og dei kjem truleg også til å halda fram med han.

- Eg legg også stor vekt på at dette skal bli eit fint område som uskedalingane kan vera stolte av, seier Harsvik, som lovar å setje i gang med oppryddinga så snart han eig heile eigedomen. Også utleigehuset skal bli vakrere å sjå på.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er huset med åtte leiligheter som skal stå oppå den "ledige" grunnmuren. Teigen har teikna.